

scene2 Det Norske Teatret
Rosenkrantzgt. 11

Harold Pinter

INGENMANNSLAND





Harold Pinter

INGENMANNSLAND

Hirst

BJARNE ANDERSEN

Spooner

GISLE STRAUME

Foster

SVEIN ERIK BRODAL

Briggs

TOM TELLEFSEN

Omsetjing, regi og scenografi:

BJØRN ENDRESON

Regiassistent:

JON EINARSSON

Inspisient:

INGAR NILSEN

Rekvisitør:

DORTE WORMDAL / IVAR VASAASEN

Sufflør:

TORILL STEINLEIN

Ein pause

Teaterforlag: Nordiska Teaterförlaget AB

Programredaksjon: Haldis Hoaas




Foto: Sturlason

Premiere 23. mars 1977

Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo

Spooner: «Alt vi har att er språket. Kan det bergast?
Det er det store spørsmål.»

Hirst: «Der er mørke gøymsler i hjartet mitt ... der
ikkje eit levande sinn ... har ... eller kan ... nokosinne
nå inn.»



HAROLD PINTER

1930

10. oktober: Fødd i Hackney i Aust-London.

1943–47

Går på Hackney Downs Grammar School.

1948

Studerer ein kort periode ved Royal Academy of Dramatic Art. Er gammal nok for militærtjeneste, men blir militærnektar.

1950

August: Dei første dikta hans kjem på trykk i «Poetry London».

19. september: Får sitt første engasjement som profesjonell skodespelar i ei sending i BBC: «Focus on Football Pools.»

1951

14. januar: Første profesjonelle engasjement i ein Shakespeare-produksjon: eit radioteateropptak av «Henry VIII» for BBCs Third Programme, instruert av R. D. Smith.

Byrjar studere att, denne gongen ved Central School of Speech and Drama.

1951/52. Reiser på turné i Irland. Ensemblet omfatta mellom anna Kenneth Haigh, Patrick Magee, Barry Foster.

1953

Er med i Donald Wolfits klassiske sesong på King's Theatre, Hammersmith. Møter for første gong skodespelarinna Vivien Merchant.

1954–57

Er skodespelar ved ulike regionteater: Colchester, Bournemouth, Torquay, Worthing, Richmond og andre.

1956

Mens han er engasjert i Bournemouth, møter han Vivien Merchant på ny. Dei spelar hovudroller mot einannan, og giftar seg.

1957

Skriv sitt første stykke, **The Room**, som blir sett opp av drama-seksjonen ved Bristol University. Bristols andre dramaskole, som er tilknytt Bristol Old Vic, arrangerer òg ein produksjon for Sunday Times' dramakonkurransse for studentar.


1958

29. januar: Pinters son Daniel blir fødd.


28. april: **The Birthday Party** (Fødselsdagsselskapet) har premiere på Arts Theatre, Cambridge, instruert av Peter Wood.

19. mai: Stykket får premiere i London, på Lyric Theatre, Hammersmith. Alle kritikarane (med unntak av Harold Hobson) stiller seg svært negative til stykket.

24. mai: Etter ei veke blir det tatt av plakaten.

LYRIC THEATRE, HAMMERSMITH			
Play <i>The Birthday Party</i> Week ending <i>May 24 1958</i>			
WEEKLY SUMMARY			
	L	s.	d.
MONDAY EVENING PERFORMANCE ...	14	19	6
TUESDAY EVENING PERFORMANCE ...	16	14	3
WEDNESDAY EVENING PERFORMANCE	13	8	6
THURSDAY MATINEE PERFORMANCE ...	2	9	-
THURSDAY EVENING PERFORMANCE ...	14	15	9
FRIDAY EVENING PERFORMANCE ...	17	8	9
SATURDAY MATINEE PERFORMANCE ...	14	2	2
SATURDAY EVENING PERFORMANCE ...	40	13	6
TOTAL		£ 260	11 5
		Box Office Manager	

Kvitteringa for den eine veka den første Londonoppsetjinga av **The Birthday Party** stod på plakaten.



1959

11. mai: **The Birthday Party** blir spela av gruppa Tavistock Players på Tower Theatre i Islington.

15. juli: **One to Another**, ein ny revy, har premiere på Lyric Theatre, Hammersmith, med to sketsjar av Pinter, **Trouble in the Works** og **The Black and White**.

29. juli: **A Slight Ache** blir spela på BBCs Third Programme, instruert av Donald McWhinnie.

1960

21. januar: **The Room** (med Vivien Merchant som Rose, Henry Woolf – som opphavleg fekk Pinter til å skrive stykket for Bristol – som Mr. Kidd, Pinter sjølv som instruktør) og **The Dumb Waiter** (Kjøkkenheisen) kjem opp på Hampstead Theatre Club.

1. mars: **A Night Out** blir spela på BBCs Third Programme. (Vivien Merchant og Harold Pinter spela to av rollene, Donald McWhinnie var instruktør.)

8. mars: **The Room** og **The Dumb Waiter** flyttar over til Royal Court Theatre – med nokre få endringar på rollelista. Anthony Page tar over regien på **The Room**.

24. april: **A Night Out** spela på ABC TV med Tom Bell som Albert Stokes, Vivien Merchant som jenta og Harold Pinter som Seeley. Regi: Philip Saville.

27. april: Premiere på **The Caretaker** (Vaktmester'n) på Arts Theatre Club, London, med Alan Bates som Mick, Peter Woodthorpe som Aston og Donald Pleasence som Davies. Regi: Donald McWhinnie.

30. mai: **The Caretaker** flyttar over til West End, til Duchess Theatre.

21. juli: **Night School** spela av Associated Rediffusion TV.

1961

18. januar: **A Slight Ache** får sin scene-premiere på Arts Theatre Club, London.

21. februar: Pinter tar over rolla som Mick i London-oppsetjinga av **The Caretaker** i fire veker.

11. mai: **The Collection** blir spela på Associated Rediffusion TV.

1962

Februar: **The Collection** får sin scene-premiere på Aldwych Theatre i London, Pinter deler regi-ansvaret med Peter Hall.

November: Premiere på filmen «The Servant», manus av Harold Pinter etter Robin Maughams roman, regi: Joseph Losey.

1963

28. mars: **The Lover** spela på Associated Rediffusion TV.

Juni: Premiere på filmfestivalen i Berlin på filmversjonen av **The Caretaker**, regissert av Clive Donner. 1. juli vinn denne filmen Sølvbjørnen på festivalen.

18. september: **The Lover** og **The Dwarfs** har premiere på Arts Theatre Club, London, Harold Pinter og Guy Vaesen deler regionsvaret.

23. november: Harold Pinter, Alan Badel og Vivien Merchant får Guild of British Television Producers and Directors prisar for beste manus og beste skodespelarar for **The Lover**. Same stykket får Italias pris for 1963 som årets beste TV-skodespel i Europa.

1964

2. mars: Får British Screenwriters' Guilds pris for film-manuset til «The Servant».

18. juni: **The Birthday Party** har premiere på Aldwych Theatre, London. Regi: Harold Pinter.

1965

30. mars: Får British Film Academys pris for beste film-manus i 1964 for omarbeidinga av Penelope Mortimers roman «The Pumpkin Eater» (med Peter Finch og Anne Bancroft i hovudrollene, regissert av Jack Clayton).

25. mars: TV-stykket **The Tea Party** blir sendt av BBC I i serien Det største teatret i verda, ein serie organisert av Den europeiske kringkastingsunion. Samstundes, eller veka etter, vart inn-



spelinga sendt i TV i Frankrike, Luxemburg, Belgia, Nederland, Sveits, Østerrike, Spania, Noreg, Sverige, Danmark.

3. juni: **The Homecoming** har premiere på Aldwych Theatre, London, instruert av Peter Hall.

15. november: Pinter spelar rolla som Garcia i Sartres «Huis Clos» på BBC Television, regi: Philip Saville.

1966

Juni: Får CBE.

November: Premiere på filmen «The Quiller Memorandum», film-manus av Harold Pinter etter ein roman av Adam Hall. Regi: Michael Anderson.

1967

28. februar: **The Basement** blir spela på BBC TV, med Harold Pinter i ei av dei tre rollene. Charles Jarrott var instruktør.

Februar: Premiere på filmen «The Accident», film-manus av Harold Pinter etter ein roman av Nicholas Mosley, regi: Joseph Losey.

The Homecoming får tre prisar på Broadway: The New York Drama Critics' Circle utropar det til beste nye stykke, det får Whitbread Anglo-American Award, og ein Tony-statuett.

Pinter set i scene «The Man in the Glass Booth» av Robert Shaw på St. Martin's Theatre i London.

1968

21. januar: Pinter nektar å gjera dei strykingane som sensuren, Lord Chamberlain, krev i den nye einaktaren hans, **Landscape**, som skal setjast opp på Aldwych Theatre. Dette fører til at stykket ikkje kjem på spelplanen denne sesongen.

25. april: Etterdi radioen ikkje er underlagd Lord Chamberlain, får **Landscape** si første, uendra og fullstendige oppføring på BBC's Third Programme.

Filmversjonen av **The Birthday Party** blir ferdig.

Pinter set i scene «The Man in the Glass Booth» i New York.

Pinters dikt blir gitt ut av Enitharmon



Frå «Fødselsdagsselskapet»: Odd Furøy som Stanley, Elisabeth Bang som Meg, Asbjørn Toms som Petey. Premiere på ABC-teateret 17. januar 1968. Regi: Finn Kvædem.

Press, og **Mac**, Pinters biografiske sketsj av Anew McMaster, blir gitt ut av Pendragon Press.



Harold Pinter som Lenny i **The Homecoming** på Palace Theatre i Watford i 1968.

1969


2. juli: **Landscape** (Landskap) og **Silence** (Stille) har premiere på Aldwych Theatre. Regi: Peter Hall. Sensuren er no avskaffa i England.

1970

Set i scene «Exiles» av James Joyce på Mermaid Theatre i London. Får Hamburg-universitetets Shakespearepris, blir utnemnd til æresdoktor ved Reading University, same æra får han sidan frå universiteta i Birmingham (1971), Glasgow og East Anglia (1974).

1971

Premiere på filmen «The Go-Between» der Pinter skreiv film-manus etter ein



Jon Eikemo og Odd Furøy som Gus og Ben i «Kjøkkenheisen» på Scene 2. Premiere 27. november 1971. Regi: Jon Heggedal.

roman av L. P. Hartley. Regi: Joseph Losey.

1. juni: Premiere på **Old Times** på Aldwych Theatre, instruert av Peter Hall.

Pinter set i scene «Butley» av Simon Gray, med Alan Bates i tittelrolla, på Criterion Theatre i London.

Set i scene «Exiles» på nytt, denne gongen på Aldwych.

1972

Skriv ferdig film-manus på Marcel Prousts «A la Recherche du Temps Perdu».

1973

April: BBC Television produserer **Monologue**, med Henry Woolf, instruert av Christopher Morahan.



Jack Fjeldstad som Davies i «Vaktmester'n» på Scene 2 — ei rolle han fekk Kritikarprisen for. Premiere 6. september 1974. Regi: Jon Heggedal.

Pinter regisserer filmatiseringa av «Butley» for The American Film Theatre.

1974

Skriv ferdig film-manus på F. Scott Fitzgeralds «The Last Tycoon».

Skriv **No Man's Land** (Ingenmannsland).

Set i scene «Next of Kin» av John Hopkins på National Theatre, London.

1975


8. januar: **The Birthday Party** kjem opp på nytt, på Shaw Theatre i London, instruktør er Kevin Billington.

Set i scene «Otherwise Engaged» av Simon Gray, denne gongen òg med Alan Bates i hovudrolla.

23. april: **No Man's Land** har premiere på National Theatre (Old Vic) i London, med John Gielgud som Spooner, Ralph Richardson som Hirst, Michael Feast som Foster og Terence Rigby som Briggs.

Peter Hall var instruktør.

Siste Pinter-oppsetjinga på Det Norske til no, og Bjørn Endresons første:



Tom Tellefsen, Ulrikke Greve og Pål Skjønberg i «Stille». «Landskap — Stille — Natt» hadde premiere på Scene 2 8. desember 1976.

**FRÅ HAROLD PINTERS TAKKETALE
DA HAN FEKK HAMBURG-UNIVERSI-
TETET SIN SHAKESPEARE-PRIS I
1970**

.....
Eg har eit særskilt tilhøve til dei orda eg set ned på papiret og til dei personane som veks fram frå dei, eit tilhøve ingen annan kan dele med meg. Det er kanskje derfor eg er og blir forvirra av ros og faktisk ganske likesæl med ris. Ros og ris gjeld ein person ved namn Pinter. Eg kjenner ikkje mannen dei talar om. Eg kjenner skodespela, men på ein heilt annan måte, på ein heilt privat måte.

.....
Eg lit ikkje på teori. . . . Eg har oppdaga at teori i seg sjølv aldri har vore til hjelp; korkje for meg sjølv, eller — etter det eg har lagt merke til — for nokon av kollegaene mine. Den beste form for samarbeid i teatret, etter mitt syn, er ei slags snublande stenografering, der fakta blir borte, blir kolliderte med, mista, funne på ny. Ein utmerkt instruktør eg kjenner, har aldri det eg veit avslutta ei setning. Han eig ei instinktiv visse og ei nesten undermedvite kraft til å kommunisere, som gjer at skodespelarane reagerer på orda hans før han får sagt dei.

Eg ønskjer ikkje å underslå intelligens som eit hjelpemiddel i arbeidet. Tvert om, eg talar om ein intelligens som blir nytta i praktiske og relevante saker, som gjeld det aktive, det levande, det spesifikke, ein intelligens som arbeider saman med andre for å finne dei eigentlege og derfor nødvendige fakta og gjere desse konkrete for oss på scenen. Ein prøveperiode som består av filosofiske førelesningar eller politiske avhandlingar får ikkje teppet opp klokka åtte.

.....
Eg trur sjølv at når ein forfattar ser på den blanke sida der det enno ikkje står eit ord, eller når skodespelarar og instruktørar kjem til eit visst punkt på scenen, er det berre ein einaste ting

som retteleg kan gå føre seg nett da, og at den tingen, den gesten, det ordet på papiret, just det må finnast nett da, og når det er funne, bli godt vakta. Eg trur eg talar om ei nødvendig form, både når det gjeld eit skodespel og oppsetjinga av det.

.....
Du skapar ordet, og på ein spesiell måte vil ordet — når det finn sitt eige liv — stire deg ned, vere hardnakka, og oftast vinne over deg.

.....
Men det er ikkje snakk om anna enn at det blir litt av ein konflikt mellom forfattaren og personane hans, og stort sett vil eg seie at personane står att som vinnarar. Og det er som det skal vere, meiner eg. Der ein forfattar risser opp eit mønster for personane sine og strengt held dei til det, der dei aldri maktar å velte eplekjerra hans, der han er deira meister, der har han òg drepe dei, eller rettare gjort ein ende på deira fødsel, og han har eit dødt stykke på handa.

Av og til seier ein instruktør til meg under ei prøve: «Kvifor seier ho dette?» Eg svarar: «Vent litt, la meg sjå på teksten.» Så gjer eg det, og kanskje seier eg: «Seier ho ikkje dette fordi ho sa **det**, for to sider sidan?» Eller eg seier: «Fordi det er slik ho kjenner det.» Eller: «Fordi ho kjenner noko anna, og derfor seier det.» Eller: «Eg har ikkje den fjernaste idé.»

.....
Eg er ikkje opptatt av å kome med generelle utsegner. Eg er ikkje interessert i eit teater som blir nytta som eit middel til å uttrykkje seg sjølv for dei folka som er engasjerte i det. I så mykje gruppeteater, under sveitten og åtaka og bråket, finn eg ikkje anna enn verdilause generaliseringar, naive og ganske ufruktbare.

Eg kan ikkje summere opp noko av stykka mine. Eg kan ikkje skildre noko av dei, ikkje seie anna enn: Dette er det som skjedde. Dette er det dei sa. Dette er det dei gjorde.



Harold Pinter.


«Eg er ingen teoretikar. Eg er ingen autoritativ eller påliteleg kommentator når det gjeld det som skjer i dramatikken, det som skjer sosialt, det som skjer nokon som helst stad. Eg skriv skodespel, når eg får det til, og det er det heile. Det er summen. Så eg talar med ein viss motvilje, fordi eg veit at det finst minst tjue-fire moglege sider ved kvar einskild utsegn, avhengig av kvar du står nett da eller kva slags ver det er. Ei kategorisk utsegn vil, etter mi mening, aldri halde seg i ro og vere endeleg. Utsegna vil med ein gong kunne bli modifisert i høve til dei andre tjue-tre moglege tolkingane av ho. Ikkje noka utsegn eg kjem med bør derfor bli sett på som endeleg og definitiv. Ei eller to av dei kan lyde endelege og definitive, dei kan jamvel vere **nesten** endelege og definitive, men eg kjem ikkje til å sjå slik på det i morgon, og det ønskjer eg heller ikkje at de skal gjere i dag.»


(Frå ein tale til studentane i Bristol, 4. mars 1962.)

«Dersom du har ein mann i eit rom, vil det før eller seinare kome nokon på vitjing . . .

Men det finst ingen garanti for at den som kjem på vitjing har eit visittkort med detaljert informasjon når det gjeld kvar han sist budde, kva for jobb han sist hadde, kva for jobb han siktar mot, talet på familiemedlemmer, etc. Heller ikkje — for å tilfredsstille alle — eit identitetskort, eller ein merkelapp på brystet. Kravet om verifisering er forståeleg, men kan ikkje alltid bli tilfredsstilt. Det finst ingen klare skiljeliner mellom det som er verkeleg og det som er uverkeleg, heller ikkje mellom det som er sant og det som er usant. Ein ting er ikkje nødvendigvis korkje sann eller usann, den kan vere både sann og usann. Dei som går ut ifrå at det å verifisere kva som har hendt og kva som hender skaper få problem, meiner eg tar feil. Det er like rett å framstille ein scenefigur som **ikkje** kan argumentere eller fortelje om sine tidlegare røynsler, om oppførselen sin no, eller om framtidsvonene sine, ein som **ikkje** kan analysere motiva sine — det er like rett å skildre ein slik ein som det er å framstille ein som — uroande nok — **kan** gjere alt dette. Dess meir intens opplevinga er, dess mindre klart blir ho uttrykt.»

(Frå programmet til «Vaktmester'n».)





VETERANAR I «INGENMANNSLAND»

«Bjarne sprang rundt på skolen i Stavanger da eg vart fødd! Du visste ikkje om meg da?» Gisle Straume kikkar smilande bort på Bjarne Andersen. Vi sit i den vesle restauranten på Scene 2, det er pause i prøvene på «Ingenmannsland». Her spelar to av veteranane i norsk scenekunst saman att for første gong på 21 år! Men vegane deira har kryssa på meir enn eitt vis gjennom åra — det er mange rare minne som dukkar fram hos Bjarne Andersen og Gisle Straume. Karrierane deira har vore både like og ulike — like i det at begge har markert seg i norsk teater som store karakterkunstnarar i ei rad store roller gjennom åra, like i det at dei begge har vore teatersjefar i periodar; men ulike i det at Gisle Straume har vore ein flakkande fugl, mens Bjarne Andersen har halde seg i ro på Det Norske for det meste.


«Eg har hatt 14 teatersjefar har eg rekna ut — dersom eg tel meg sjølv!» smilar Straume. «Og eg har spela på alle landets scener med unntak av Trøndelag. Til gjengjeld var eg med og starta Stiklestad-spelet. Eg har spela Kong Olav 8 gonger — og sett i scene. Ein strålende søndag kom eg ridande inn på spelplassen som kongen, med Kong Olav — den femte altså! — blant 12 000 tilskodarar. Det er da ein tenkje, dette skal eg aldri gløyme! — For meg har det vore viktig og riktig å flakke, stadig møte nye menneske, nye ensemble, nye utfordringar. Det har vore inspirerende å spele på begge målformene òg, synest eg — det verkar utviklande på tilhøvet til begge målformene. Alle burde frå tid til anna veksle på etter mi meining! Det gjeld språket — om ein vil flakke eller vere bufast må vere opp til den einskilde, det som høver for meg er ikkje derfor rett for ein annan.»

«Nei,» sier Bjarne Andersen og tenkjer etter. «For meg har det vore naturleg å vere her. Her trivst eg godt, her kjenner eg meg heime, eg har ikkje noko behov for å flytte på meg. Og eg likar

så godt å spele på nynorsk — det er slikt eit musikalsk våpen for ein skodespelar, så rytmisk!»

Første møtet mellom desse to på scenen var i Ivan Turgenjev's «Ein månad på landet» her på teatret («Ei avgjerande rolle for meg!» seier Bjarne) — saman med Ingolf Rogde representerte dei i 1947 dei nye kreftene på teatret.

Men det merkelegaste samspelet kom sesongen 1948/49, med «Christophoros» av Tore Ørjasæter. Der spela dei to sider av same person — eit heilt



Bjarne Andersen og Gisle Straume i «Christophoros».

uvanleg grep den gongen. Det var eit særmerkt og alvorleg diktarverk, eit draumspel om tvidraget i menneskesinnet: dragnaden mot det positive og skapande sett opp mot det negative og opportunistiske. Ørjasæter hadde personifisert desse motsetnadene gjennom dobbeltrolla Per Sjøstad/Pål Løynum. Den første — spela av Gisle Straume — er ein kunstnar og ein familiefar i ei norsk bygd, den andre er skuggen, nattsida hans — spela av Bjarne Andersen. «Eg hugsar godt

Bjarne,» seier Straume, «mager og spretten, bak meg heile tida!»

Det må ha vore svært vanskeleg, spør vi, å spela to sider av same person på eit vis?

«Ja, vi jobba kolossalt,» seier Bjarne. «Men det var svært utviklande for skodespelarfantasien — dette var jo veldig nytt den gongen, ingen hadde sett noko liknande.»

Deira engasjement i ny, norsk dramatikkk førte til fleire oppsetjingar i åra som følgde — Bjarne sette i scene, Gisle spela. «Den lange bryllaupsreise» av Tore Ørjasæter kom i 1950, «Munkelokka» av Aslaug Vaa følgde seinare same året. Og to år etter kom enda eit skodespel av Aslaug Vaa, «Tjugendagen». Straume seier: «Eg trur faktisk det sant om ein seier at Bjarne har vore ein av dei instruktørane eg har lært mest av, det har vore utviklande for meg å arbeide under han.» Bjarne ser ned og bort! Men den største rolla Gisle Straume hadde i desse tidlege åra på Det Norske, var Paulus Hove i «Læraren», da stykket kom på spelplanen i høve Garborgjubileet i 1952.

Neste gongen desse to spela saman, var i Stavanger. Da var Gisle Straume blitt teatersjef, og Bjarne Andersen kom til heimbyen for å setje i scene og

spela. Det var eit stykke av ein dramatikar han alltid har vore opptatt av, Fritz Hochwälder, det heitte «Den ytterste grense». Det hadde premiere hausten 1956, teatersjefen spela Donadieu, instruktøren spela Lavalette. Og det var siste gongen dei spela saman før no! Men vegane deira kryssa på anna vis — da Gisle etter to år sa takk for seg i Stavanger, var det Bjarne som tok over sjefsstolen. Og i Bergen, på Den Nationale Scene, vart rekkjefølgja motsett: da Bjarne sa takk for seg etter to år, kom Gisle og vart sitjande i fire!

Sjølvsagt har dei møtt einannan i alle desse åra, dei har spela saman i radio og fjernsyn, men på scenen har dei ikkje vore saman sidan den tid. Dei sukkar i kor over kor fort tida går: «Å vere skodespelar er å vere spalta på eit vis, du lever så mange liv innimellom — derfor går tida så utruleg fort! Du brukar livet ditt på å skape liv — men desse dine mange liv er borte når du går frå teatret.»

Korleis synest de det er å spele saman i «Ingenmannsland»?

Gisle ler: «Det er jo tydeleg at eg har dumpa inn i ein 'familie' — Beckett-familien. Bjarne og Tom (Tellefsen) og Bjørn (Endreson) har jo arbeidd saman i fleire år. Men det er artig å få vere i arbeidssituasjon saman att.»

Bli medlem av:

VENNER AV DET NORSKE TEATRET